



Referat

Underutval for pleie- og omsorg Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	28.02.2023, eit kort møte den 14.03.2023, samt kommunikasjon via mail.
Møtestad:	Teams
Møteleiar:	Tove Iren Vedå
Til stade:	Tove Iren Vedå (Voss), Gunn Iren Hovda Engvold og Rannveig Knapstad (Helse Bergen), Elfrid Romsås Oma (Kvam), Siw Malene Bolstad (Ulvik), Solrun Hauglum (Vaksdal), Margunn Lægreid (Eidfjord)
Fråfall utan vara:	
Referent:	Gunn Iren Hovda Engvold/Tove Iren Vedå

Nr.	Saksliste	Sakstype (Vedtak Drøfting Orientering)	Vedlegg
01/23	Godkjenning av innkalling og saksliste <i>Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie- og omsorg godkjenner innkalling og saksliste med innmeldte saker.</i>	V	 Saksliste 28022023.docx
02/23	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet den 13. desember 2022 <i>Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie- og omsorg godkjenner referatet frå møte 13. desember 2023.</i>	V	 Referat Underutvalget PLO 13
03/23	Utarbeide eit forslag til mandat for underutval pleie- og omsorg, viser til referat sak 04/23 i OU. Orientering: Ny organisering i helsefellesskapet, viser til saman.no. for representasjon og mandat. Dei har partnerskapsmøte, deltakarar toppleinga i helse og toppleiarane i kommunen, strategisk helseutval møter repr. frå helse frå dei ulike helseområda i regionane – det er 4 slike områdeutval, her er	D/O	 Ferdig forslag mal UPLO.docx  Referat OU 020223.pdf



Sak 15_23
Forslag_mandat_unde

lege også representert, under der er det overutval/områdeutval, der møter det 1 repr. Frå kvar kommunane og leiinga i eit nivå ned i helseføretaket, repr. frå kommuneoverlegen, fagorganisasjon, fastlege org, så er det underutval før samarbeidsreformen for dei ulike fagområda – som eit organ som var meir konsentrerte mot dei særskilte fagområda. No med den nye organiseringa er me no kalla faglege samarbeidsutval, først og fremst dei felles for heile helseforetaksområda, dei vurderer om det skal opprettast felles slike faglege samarbeidsutval som dei hovudfaglege samarbeidsutvala tilknytt SSE som finnes i dag.

Det er opp til dei ulike områdeutvala kor mange og kva slags underutval som skal vere framover i tid.

**Vårt forslag til mandat som sendes til OU Voss
lokalsjukehusområde, drøfting:**

Me ynskjer klare rammer for vårt mandat, kva skal me vere og kva skal me behandla. Skal ha vore eit gammalt mandat frå før. Underutvalet har difor utarbeide eit forslag.

Me drøftar bakgrunn og føremål:

Me ynskjer å ha fokus på pleie- og omsorg i tenestene våre.

At me skal ha fokus på å få til god samhandling og kommunikasjon mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

Samt at pasientane skal vere i fokus.

Oppgåver og ansvar :

Kommunikasjon og samhandling mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta

«Skrøpelege» eldre

Høyringsinstans (t.d. pasientforløp)

Sikre heilskaplege og koordinerte pasientforløp

Trygge overgangar, kva er viktig for deg? Kan vere ulikt ut frå ulike fasar i livet. T.d. svarar pasientane ulikt i sjukehusopphaldet enn kva dei svarar når dei kjem heim.

	<p>Jobbe framtidretta og kunnskapsbasert</p> <p>Forhalda oss til handlingsplanar, styring og reglar</p> <p>Kome med innspel til satsingsområde, fokusområde til OU. Må vere i samsvar med overordna handlingsplan. Kva er viktig å satse på komande år?</p> <p>Rekruttering, sikre rett kompetanse på rett plass</p> <p>Rett behandlingsnivå</p> <p>Kompetanseutveksling</p> <p>Lage eigen handlingsplan i underutvalet. Kva problemstillingar er brennheite no? Korleis kan me jobbe kunnskapsbasert for å sikre pasientretta samhandling?</p> <p>Setje oss inn i emne, ha meir kompetanse på området, setje arbeidsgrupper. Ikkje sikkert at UPLO-medlemmane skal vere i arbeidsgruppa – men vere ein instans det rapporterast til.</p> <p>Me ilag fattar eit vedtak om satsingsområde og seier noko kva som skal gjerast konkret.</p> <p>Nokon saker som er fast kvar gong – samhandling generelt</p> <p>Kva som er viktig for dei andre å vite om? Status hjå den enkelte aktør.</p> <p>Mandat og representasjon.</p> <p>Kven bestemmer kven som skal sitje der?</p> <p>Leiarfunksjon eller fagperson, bør vere kontinuitet. Bør inneha vara.</p> <p>Nokon stille fast kvar gong, evtnt oppnevnt vara.</p> <p>Rullerande leiarfunksjon, 1 år om gonga.</p> <p>4 møter årleg. 2 digitale, 2 fysiske.</p> <p>Alle kome med innspel og jobbe med konkrete innspel.</p> <p>Assisterande direktør</p> <p>Avdelingssjukepleiar medisinsk avdeling</p>		
--	--	--	--

	Avdelingssjokepleiar kirurgisk og ortopedisk avdeling Sjukeheimslege Brukarrepresentasjon, kva representant skulle det vore? Eldrerådet? Ulvik Kvam Vaksdal Voss Eidfjord Ferdig forslag til mal sendt til SSE den 20.03.2023		

Tidspunkt for neste møte i underutval for pleie og omsorg vert **23.05.2023 kl. 10:00 – 11:30 på Voss tinghus, møterom.**

Referent for møtet 23.05.2023 vert Eidfjord.

Tove Iren Vedå

Leiar underutval pleie- og omsorg